

**Åpning av det 130. ordentlige Storting.**

President: Jo Benkow.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg fredag den 11. oktober kl. 13 i stortingssalen ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

**Hans Majestet Kongens** tale til det 130. ordentlige Storting ved dets åpning:

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for fedrelandet.

Regjeringen vil på grunnlag av resultatet av årets stortingsvalg fortsette sitt arbeid med utgangspunkt i langtidsprogrammet.

Regjeringen innbyr alle grupper i Stortinget til et åpent, saklig samarbeide.

Arbeidet for sikkerhet, nedrustning, fred og menneskerettigheter vil fortsatt være hovedoppgaver. Norge vil bygge ut det forpliktende samarbeide med våre allierte i NATO, og arbeide aktivt for å styrke FN og andre internasjonale organisasjoner.

Et godt naboforhold til Sovjetunionen er av vesentlig betydning.

Det vil bli lagt stor vekt på samarbeidet i Norden, i Europarådet, i EFTA og OECD og med EF. Teknologi, vitenskap og økonomisk vekst vil være viktige områder for Norges deltagelse i internasjonalt samarbeid.

Utbyggingen av Forsvaret vil fortsette.

Innsatsen til beste for utviklingslandene og humanitært hjelpearbeid vil bli økt.

Regjeringen legger opp til fortsatt kamp mot arbeidsledighet og for styrking av landets næringsliv. Dette krever lav kostnadsvekst, stimulering av produktivitet og konkurranse, og gode muligheter for omstilling og nyetablering av bedrifter.

Det blir foreslått økt satsing på forskning og teknologisk utvikling.

Arbeidet for å stimulere norsk eksport og styrke skipsfarten vil bli tillagt stor vekt.

Målet for distriktpolitikken er å trygge bosettingen i alle deler av landet. Regjeringen vil prioritere virkemidler som fremmer ny næringsvirksomhet, anvendelse av ny teknologi og styrking av kompetanse.

Det vil bli foreslått skattelettelser for personer, familier og bedrifter og forenklinger i skattereglene.

Det vil bli lagt frem forslag til ny lov om forsikring.

Det vil bli fremlagt meldinger om Norsk Luftfartsplan og konsesjonspolitikken i luftfarten, om trafikksikkerhet og om Postverkets rammebetingelser.

Landbrukspolitikken vil bli ført videre etter de retningslinjer som Stortinget har trukket opp.

Arbeidet med å bedre lønnsomheten i fiskerinæringen vil bli ført videre. Det vil bli fremlagt en melding om havbruksnæringen.

Letevirksomheten etter olje og gass vil bli utvidet, med hovedvekt på de nordlige områder. Regjeringen vil bidra til en jevn virksomhet på sokkelen.

Kontrollen med utslipp fra industrien og innsatsen for bedre behandling av farlig avfall vil bli styrket. Regjeringen vil arbeide aktivt for nye internasjonale tiltak for å begrense sur nedbør.

Det vil bli fremlagt meldinger om vern av fortidsminner og verneverdige bygninger, og om friluftslivet.

Bekjempelse av kriminalitet vil bli ført videre bl.a. ved å styrke politiet og lensmannsetaten. Ekstrainnsatsen for å redusere ventetiden for saker som skal behandles av domstolene, vil fortsette.

I forbindelse med oppfølgingen av familiermeldingen vil Regjeringen arbeide for å styrke barnefamilienes stilling.

Arbeidet for likestilling mellom kjønnene, bl.a. innenfor utdanning og arbeidsliv, – vil bli ført videre.

Utbyggingen av eldreomsorgen og helsevesenet vil fortsatt bli gitt høy prioritet. Kommunenes muligheter for å bygge ut avlastningsordninger og gi godtgjørelse til familiermedlemmer med tunge omsorgsoppgaver vil bli styrket. Effektiviseringsarbeidet i helsevesenet vil bli videreført.

Utbygging av hjelpemiddelsentraler for funksjonshemmede vil fortsette, og det vil bli arbeidet videre med lettelser i transport for funksjonshemmede.

Den norske Kirkes indre selvstyre vil bli utviklet videre.

Det vil bli satt i gang forsøk med pedagogiske tilbud for 6-åringer. Mønsterplanen for grunnskolen vil bli revidert.

Utbyggingen av videregående opplæring og studieplasser ved universiteter og høyskoler vil fortsette i høyt tempo. Studie- og forskningsmulighetene i utlandet vil bli styrket.

Det blir fremlagt forslag om ny biblioteklov, lov om stedsnavn og lov om film og kino.

Det vil bli fremlagt forslag vedrørende videre utvikling av uavhengig kringkasting.

Den samiske befolknings språklige og kulturelle situasjon vil bli styrket.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og

erklærer Norges 130. ordentlige Storting åpnet.

*Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikets tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Eivind Reiten:*

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har teke aktivt del i det internasjonale samarbeidet for å sikre fred, tryggleik og reell avspenning.

Nært samarbeid med dei andre nordiske landa er ei hovudoppgåve i norsk utanrikspolitikk, og ein har lagt vekt på å halde oppe og styrkje samarbeidet ytterlegare.

Regjeringa har også lagt vekt på å føre vidare det gode samarbeidet med landa i Vest-Europa og i Nord-Amerika, både tosidig og gjennom ulike samarbeidsorganisasjonar. For samarbeidet med dei vesteuropeiske landa har m.a. Europarådet, OECD, EFTA og det tosidige samarbeidet med EF stått sentralt. Ein har halde nær kontakt med det utanrikspolitiske samarbeidet mellom medlemslanda i EF (EPS) og med samarbeidet innanfor Den vest-europeiske unionen.

Møtet mellom EFTA-ministrane og EF-kommisjonen i samband med 25-årsjubileet til EFTA i Wien i mai i år viste at det var semje om å vidareføre arbeidet med sikte på å skape eit reelt europeisk frihandelsområde og om å fjerne andre handelshindringar enn toll. Det var også semje om å vurdere samarbeid på andre område, som forskning og utvikling.

Regjeringa har lagt vekt på eit godt forhold til Sovjetunionen og dei austuropeiske landa, og på å halde ved like stabiliteten i vår del av verda.

Noregs tryggleik byggjer på det nære og forpliktande forsvars- og tryggingspolitiske samarbeidet i NATO. Ved å halde oppe truverdige forsvarsstyrkar, har det allierte fellesforsvaret gjort sitt til å hindre krig, og gjeve særleg dei mindre landa i alliansen ei trygging mot politisk og militært press.

Styrkane i Warszawapakta har fått auka slagkraft dei seinare åra, noko som òg vil gjere det vanskelegare for NATO-landa å overføre og motta nødvendige forsterkningar sjøvegen over Atlanterhavet. Noreg har saman med dei andre alliansepartnerane arbeidd for å styrkje forsvarsevna vår.

Det tryggingspolitiske samarbeidet i NATO baserer seg på den todelte målsetjinga om eit effektivt forsvar og samtidig arbeid for avspenning og dialog med Sovjetunionen og dei

andre landa i Aust-Europa. Denne målsetjinga vart på nytt stadfest under utanriksministtermøtet i Lisboa i år. Gjennom rådføringar i NATO har Noreg arbeidd aktivt for å fremje den. Siktemålet har vore å skape større tryggleik på eit så lågt styrkenivå som mogleg. Ein har arbeidd med dette parallelt i fleire forhandlingsforum: Forhandlingane om gjensidige og balanserte reduksjonar av konvensjonelle styrkar (MBFR) i Wien, dei amerikansk-sovjetiske forhandlingane om kjernevåpen og romvåpen i Genève og konferansen om nedrusting i Europa (KNE) i Stockholm.

Regjeringa har vore av den meining at ein betre konvensjonell styrkebalanse vil gjere NATOs avskrekking meir truverdig, og på den måten vere med å redusere risikoen for at kjernevåpen kan bli tekne i bruk for å stanse eit angrep. Derfor har Regjeringa lagt stor vekt på arbeidet for å gjere forsvaret av NATO-området mindre avhengig av kjernefysiske våpen, m.a. ved å styrkje det konvensjonelle forsvaret.

På Konferansen om nedrusting i Europa (KNE) i Stockholm har Noreg arbeidd aktivt for at deltakarlanda skal bli samde om nye konkrete tillits- og tryggingsskapande tiltak som kan vere med å skape opnare forhold når det gjeld militære disposisjonar på det europeiske kontinentet og minske faren for mistydingar.

Regjeringa har arbeidd for at forhandlingane om gjensidige og balanserte styrkereduksjonar i Sentral-Europa (MBFR) skal resultere i ei avtale som skaper ein betre konvensjonell styrkebalanse i Europa på eit lågare nivå og redusere spenninga i aust-vest-forholdet generelt.

Regjeringa har lagt stor vekt på dei amerikansk-sovjetiske forhandlingane om strategiske kjernevåpen og mellomdistanseraketar som vart tekne opp att i mars. Regjeringa har meint at målet må vere omfattande reduksjonar i dei kjernefysiske våpenlagra, styrking av den strategiske stabiliteten og å hindre kapprusting i verdsrommet.

Regjeringa har vidare lagt vekt på å ta aktivt del i nedrustingsarbeidet både på Nedrustingskonferansen i Genève (CD) og i FN. Frå norsk side har ein lagt fram eigne dokument og studiar både om forbod mot kjemiske våpen og full stans av prøvene med kjernevåpen. Det vart i 1985 halde ein større internasjonal konferanse i Noreg om seismologisk verifikasjon av full kjernefysisk prøvestans.

I FN-samanheng og på det nasjonale planet har Noreg gjeve stønad til informasjons- og forskingsarbeid om tryggingspolitiske spørsmål, m.a. rustingskontroll og nedrusting.

Regjeringa har lagt vekt på å delta aktivt i

Dei sameinte nasjonane og på samarbeidet i dei ulike særorganisasjonane i FN og andre organ. Regjeringa har prøvd å følgje opp det initiativet som ein tok saman med dei andre nordiske landa, som går ut på at verdsorganisasjonen skal få større makt og bli meir effektiv.

Noreg har halde fram med det aktive arbeidet sitt i dei ulike FN-organa og andre internasjonale forum for å betre dei økonomiske vilkåra i utviklingslanda.

Engasjementet i samarbeidet innanfor FN-konferansen om handel og utvikling (UNCTAD) er ført vidare.

Noreg har som medlem av styret i FN-organisasjonen for industriutvikling (UNIDO) for perioden 1983–86 halde fram med å ta aktivt del i arbeidet i organisasjonen og i om-danninga av UNIDO til ein særorganisasjon innanfor FN.

Regjeringa har støtta arbeidet med ein internasjonal kodeks for teknologioverføringar, og like eins arbeidet for å nå fram til ein internasjonal åtferdskodeks for transnasjonale selskap.

Frå norsk side har ein lagt vekt på å komme fram til meir langsiktige løysingar på dei alvorlege gjeldsproblema i utviklingslanda. Ein har arbeidd for dette synet særleg innanfor Verdsbanken og Pengefondet (IMF).

Med sikte på å betre og stabilisere eksportinntektene frå råvaresektoren i utviklingslanda, har Regjeringa teke aktivt del i internasjonale forhandlingar og reforhandlingar om råvareavtaler, og ført vidare engasjementet for så snart som råd å få sett i verk avtala om Det felles fondet for råvarer.

Regjeringa har lagt vekt på å leggje tilhøva til rette for å auke importen og betre marknadstilgangen for produkt frå utviklingslanda. Ein har m.a. gjennomført ei vareutviding med omsyn til visse landbruks- og industriprodukt under Det norske tollpreferansesystemet.

Regjeringa har halde fram med det aktive engasjementet sitt i arbeidet for å utvikle eit breiare økonomisk samarbeid med landa i det sørlege Afrika (SADCC-landa). Planane om eit slikt samarbeid er vortne godt mottekne av SADCC-landa, og arbeidet med å få i stand ei rammeavtale mellom dei nordiske landa og SADCC-landa er no sett i gang.

Etter oppmoding frå generalsekretæren i FN har Noreg stilt troppar til rådvelde for dei fredsbevarande FN-styrkane i Sør-Libanon (UNIFIL).

Noreg arbeidde aktivt med å førebu og gjennomføre deltakinga i FN's kvinnetiårskonferanse som fann stad i Nairobi i juli i år.

Situasjonen i det sørlege Afrika har gjeve

grunn til stor uro. Apartheidpolitikken i Sør-Afrika er eit alvorleg brott på grunnleggjande menneskerettar og utgjer ein trussel mot fred og tryggleik i det sørlege Afrika. Den svarte folkesetnaden har vorte meir og meir utålmodig over ikkje å ha normale politiske rettार, og det har gjeve seg utslag i omfattande uro i Sør-Afrika den seinare tida. Sør-Afrika har også halde fram med den ulovlege okkupasjonen av Namibia.

Noreg går inn for at Tryggingsrådet i FN må vedta bindande økonomiske sanksjonar mot Sør-Afrika, for å skunde på at apartheidsystemet blir avskaffa og for at Namibia blir uavhengig. Regjeringa la derfor i mars i år fram ein handlingsplan for nye norske tiltak mot Sør-Afrika. I tillegg har Noreg teke initiativ til eit utvida nordisk handlingsprogram mot Sør-Afrika.

For å støtte dei som kjempar mot apartheid, har Noreg gjeve monaleg humanitær hjelp til frigjeringsrørslene ANC, PAC og SWAPO, til flyktningar frå Sør-Afrika og Namibia og andre offer for apartheidpolitikken. Det blir også gjeve monaleg hjelp til flyktningar i mange land, både gjennom FN's høgkommissær for flyktningar og frivillige organisasjonar.

Noreg har konsekvent hevda at konfliktane i Mellom-Amerika berre kan løysast ved forhandlingsbordet. Regjeringa har gjeve full støtte til innsatsen som den såkalla Contadorgruppa har gjort for å få i stand ei fredeleg løysing.

Noreg har stødd kravet om at framande styrkar i Afghanistan og Kampuchea skal dra seg tilbake, og at folket her skal få rett til å rå seg sjølv utan innblanding utanfrå.

Vietnamesiske båtflyktningar som blir tekne opp av norske skip, er garanterte innreise til Noreg. I alt er det gjeve garantiar til 6 261 personar. Det er komme over 5 089 sør-austasiatiske flyktningar til Noreg, medrekna familiar som har fått flytte saman att.

Noreg tok også imot flyktningar frå m.a. Latin-Amerika og Afrika.

Den internasjonale naudhjelpa er auka. Stønaden blir fordelt omtrent likt på internasjonale og norske frivillige organisasjonar.

Petroleumsverksemda på norsk sokkel har vore synt stor interesse frå utlandet. Det har i år funne stad ei rekkje tosidige kontaktar om dei ulike sidene ved norsk petroleumspolitik og -produksjon.

Noreg har dessutan på brei basis teke del i det samarbeidet som går for seg innanfor ramma av Det internasjonale energibyrådet, IEA. På ministermøtet i IEA i juli vart det på nytt streka under at Trollfeltet er særleg vik-

tig for gassleveransane i Vest-Europa.

Den vestlege koordinerende komitéen for multilateral eksportkontroll (COCOM) har stått overfor store arbeidsoppgåver på grunn av m.a. den raske teknologiske utviklinga. Det er gjort ein omfattande revisjon av dei retningslinjene som ligg til grunn for eksporten av høgteknologi frå COCOM-landa.

Noreg har prøvd å hjelpe til med å fremje ei positiv utvikling i aktiviteten i ECE (FNs økonomiske kommisjon for Europa). ECE-samarbeidet på energisektoren er teke opp att etter at det har lege nede i fleire år. Det er like eins gjort bindande vedtak om avgrensing av luftureininga.

Miljøvernministrane i ECE godkjende i juli 1985 ein protokoll om 30 prosent reduksjon av svovelutsleppet innan 1993. Frå norsk side vil ein arbeide for ytterlegare reduksjonar av svovelutsleppet. Noreg er elles aktivt med i arbeidet for å få i stand ein liknande ECE-protokoll mot nitrogenutslepp.

Noreg er aktivt med i det internasjonale miljøvernssamarbeidet, mellom anna i miljøvernorganisasjonen i FN (UNEP).

Noreg har i år skrive under ein konvensjon om vern av ozonlaget. Konvensjonen var utarbeidd i regi av UNEP.

Ein konvensjon om samarbeid mot ureining av Nordsjøen frå olje og andre skadelege stoff vart ratifisert av Noreg i år. Noreg har dessutan ratifisert Konvensjonen til vern av trekjande ville dyr.

Noreg har teke aktivt del i Den økonomiske komitéen i NATO, og har særleg lagt vekt på spørsmål som gjeld energi og sjøtransport.

Forhandlingar om fullt medlemskap i Den europeiske romorganisasjonen (ESA) er no på det næraste fullført.

Konvensjonen om skiping av ein europeisk organisasjon for utnytting av meteorologiske satellittar (EUMETSAT) har òg vorte ratifisert.

Noreg har også siste året teke meir del enn tidlegare i det europeiske teknologiske og vitenskaplege prosjektsamarbeidet mellom EF, EF-land og andre vesteuropeiske land som ikkje er medlemmer av EF (COST).

Noreg har teke initiativ til ei rammeavtale om vitenskapleg og teknologisk samarbeid mellom Noreg og EF, og forhandlingar om denne vil venteleg bli slutførte innan utgangen av året. Noreg tek dessutan del i Eureka – det teknologiske samarbeidet i Europa som Frankrike tok initiativet til i sommar.

Noreg tek del som styremedlem i Det internasjonale atomenergibyrådet (IAEA) fram til 1986. Noreg har ratifisert avtala om fysisk trygging av nukleært materiale.

Noreg har engasjert seg aktivt i arbeidet for å styrkje og effektivisere det internasjonale menneskerettsvernet og for å hindre brott på menneskerettane. Det har vore lagt vekt på tiltak som kan føre til ei betre gjennomføring av dei konvensjonane og avtalene som finst, og på freistnadene på å få i stand nye internasjonale konvensjonar som gjeld tortur og rettane for framandarbeidarar og barn. Ein FN-konvensjon mot tortur er vedteken og underskriven av Noreg. Frå norsk side har ein engasjert seg sterkt i arbeidet for å fremje interessene til urfolka i internasjonal samanheng, og ein har støtta framlegget om ein høgkommissær for menneskerettar.

Regjeringa har sett det som ønskjeleg å styrkje arbeidet med å presentere Noreg i utlandet. Derfor er det gjeve ei særskilt løyving til kulturformål i denne samanhengen.

I Stortingsmelding nr. 36 for 1984–85 har Regjeringa lagt fram sitt syn på ein del viktige spørsmål som er særleg aktuelle når det gjeld vår hjelp til utviklingslanda.

Offentlege løyvingar til utviklingshjelp og humanitært hjelpearbeid har auka sers sterkt dei siste åra, frå 2 969 mill. kroner i 1981 til 5 450 mill. kroner for 1985. Etter OECDs offisielle reglar for stønad var dei norske overføringane til utviklingshjelp og internasjonalt samarbeid 4 432 mill. kroner i 1984.

I 1984 fordelte overføringane seg med 53,4 prosent til den tosidige og 43,5 prosent til den fleirsidige hjelpa, medan tala for 1983 var 54,2 og 43,1 prosent. Administrasjon og opplysningsarbeid svarte i 1984 til 3,1 prosent av dei totale utgiftene, mot 2,7 prosent i 1983.

Om lag 9 prosent av overføringane til utviklingshjelp i 1984 vart brukt m.a. som stønad til flyktingar, humanitært hjelpearbeid og tilskott til enkelte fond under FN.

Det har vore ein monaleg auke av utbetalingane til humanitært hjelpearbeid og hjelp til flyktingar, særleg på grunn av tørkesituasjonen i Afrika sør for Sahara. Auken frå 1983 til 1984 var frå 392 millionar kroner til 501 millionar kroner.

Den tosidige hjelpa i 1984 utgjorde 2 369 millionar kroner. Av denne summen gjekk 9,2 prosent til prosjekt som var administrert av internasjonale organisasjonar.

Over halvparten av den tosidige hjelpa gjekk til hovudsamarbeidslanda. I 1984 mottok desse i alt 1 392 millionar kroner. Dette tilsvarte 58,8 prosent av den tosidige hjelpa, mot 59,7 prosent i 1983.

Land i Afrika tok i 1984 imot størstedelen av den tosidige hjelpa frå Noreg, 58,5 prosent mot 36,5 prosent for land i Asia.

Tanzania var også i 1984 det landet som tok

imot mest hjelp frå Noreg. Energiutvikling, kystfart og vassforsyning er dei viktigaste sektorane. I Zambia er Noreg engasjert i vassforsyning, landbruk og bygdeutvikling. I Kenya går norske midlar m.a. til eit distriktsutviklingsprogram i Turkana-provinsen og til eit vassforsyningsprogram. I Mosambik er innsatsen retta mot energi og varehjelp, medan Botswana tek imot hjelp til helsetenester og vegar.

Den norske hjelpa til dei fire hovudsamarbeidslanda i Asia, Bangladesh, India, Pakistan og Sri Lanka, blir særleg brukt til varehjelp og importstønad, men omfattar også viktige prosjekt innanfor distriktsutvikling, helse og familieplanlegging.

Utanom hovudsamarbeidslanda er det spesielt Zimbabwe og Kina som tek imot norsk hjelp. I Kina blir hjelpa m.a. brukt til eit havforskingsfartøy og eit vasskraftprosjekt.

Hjelpa til Zimbabwe går i hovudsaka til vassforsyning på landsbygda.

Noreg gjev etter måten stor stønad til det regionale samarbeidet som ni land i det sørlege Afrika har fått i stand (SADCC), m.a. for å gjere seg økonomisk uavhengige av apartheidregimet i Sør-Afrika. I 1984 vart stønaden m.a. brukt til utbygging av telekommunikasjonar, havneutbygging, energi og landbruk.

Latin-Amerika vart viktigare som innsatsområde for norsk hjelp i 1984. Til saman vart det brukt 109 millionar kroner her, mot 77 millionar kroner i 1983. Størstedelen gjekk til statar i Mellom-Amerika med om lag 47 millionar kroner til Nicaragua og om lag 5 millionar kroner kvar til Guatemala, Costa Rica og El Salvador. Av latinamerikanske land utanfor dette området tok Bolivia og Jamaica imot hjelp. Store delar av overføringane til Latin-Amerika blir gjevne som stønad til tiltak gjennom private organisasjonar og som hjelp som blir administrert av internasjonale organisasjonar (multi-bi).

Regjeringa har vedteke å søkje om norsk medlemskap i Den interamerikanske utviklingsbanken.

Samarbeidet med private organisasjonar er eit viktig tillegg til den offentlege hjelpeverksmda. I 1984 vart det utbetalt om lag 215 millionar kroner mot om lag 175 millionar kroner i 1983.

Det er teke i bruk ei rad verkemiddel for å fremje det industrielle og økonomiske samarbeidet med utviklingslanda. Det er i 1985 komme i stand ei ordning for blanda kredittar med ei prøveperiode på tre år. Løyvinga i år er på 50 millionar kroner.

Departementet for utviklingshjelp har utarbeidd ein strategi og handlingsplanar for å betre tilhøva for kvinnene i u-landa.

Det har funne stad ein monaleg auke i hjelpa frå Noreg til miljøtiltak og ressursbevaring i utviklingslanda.

Utbetalingane i 1984 til fleirsidig hjelp var på 1 926 millionar kroner, ein auke på om lag 5 prosent i høve til 1983. Auken er konsentrert om dei organisasjonane som ein meiner best vil ivareta dei norske u-hjelpspolitiske målsetjingane, og som ein meiner arbeider mest effektivt.

Dei som tok imot mest fleirsidig hjelp i 1984 var som før FN's utviklingsprogram (UNDP) med 414 millionar kroner og Det internasjonale utviklingsfondet (IDA) med 367 millionar kroner. Av dette utgjorde 85 millionar kroner eit bidrag til aksjonsprogrammet for Afrika sør for Sahara som Verdsbanken har sett i verk. Det vart vidare i 1984 utbetalt til saman om lag 267 millionar kroner til matvarehjelp og til tiltak innanfor jordbruk og fiske, i hovudsak gjennom Verdsmatvareprogrammet. Andre store mottakarar av fleirsidig hjelp i 1984 var FN's barnefond (UNICEF) og FN-fondet for folkesetnadsspørsmål (UNFPA).

Med grunnlag i Luxembourg-fråsegna av 1984 er arbeidet med å utvikle handelssamarbeidet mellom EFTA-landa og EF komme inn i eit fast og positivt spor. Det utfyller vidareføringa av det tosidige samarbeidet med EF, aktivitetane i EFTA og utgjer også saman med det nordiske samarbeidet eit viktig ledd i å styrkje den vesteuropeiske marknaden.

Regjeringa har aktivt stødd freistnadene på å få i gang ei ny handelsforhandlingsrunde i GATT for å få sett i verk tiltak mot proteksjonismen og å fremje ytterlegare liberalisering av verdshandelen.

Regjeringa ser det som ei viktig handelspolitisk målsetjing å utnytte marknaden i utviklingslanda ved hjelp av m.a. avtaler om økonomisk, industrielt og teknisk samarbeid og næringslivsdelegasjonar med offisiell leiing. Ein vil prøve å leggje tilhøva til rette for auka import frå utviklingslanda.

Det har vore lagt stor vekt på å utvikle dei økonomiske og handelspolitiske sambanda med Aust-Europa og Kina.

Når det gjeld reguleringa av lågprisimporten av tekstilvarer, hadde Noreg pr. 1. juli 1985 forhandla 15 tosidige avtaler i samsvar med GATTs multifiberavtale (MFA III). Frå denne datoen var også den tidlegare globalkvoteordninga avvikla.

I samsvar med vedtaket i Stortinget og med den klare målsetjinga å avgrense mest mogeleg Noregs handel med Sør-Afrika, har regjeringa innført lisensiering for importen frå Sør-Afrika.

Regjeringa har også i FN og bilateralt arbeidd for å få i stand internasjonal oppslut-



ning om handelspolitiske og skipsfartspolitiske tiltak mot Sør-Afrika.

Det er til saman løyvt 45 millionar kroner til Eksportåret 1985. Målsetjinga med Eksportåret var å mobilisere norske verksemdar til ei sterkare internasjonal satsing. Det har lykkast.

Den 28. februar slutta Noreg seg til FN-konvensjonen av 6. april 1974 om eit regelverk for verksemdar for linjekonferansar. Tilslutninga var samordna med Storbritannia, Sverige og Danmark.

Det omsette volumet i den innanlandske detaljhandelen auka i 1. halvår 1985 med 7,8 prosent samanlikna med 1. halvår 1984. Høgast var omsetningsauken i gruppene «motor-kjøretøy» og «bensin» med heile 25 prosent.

Denne auken i omsetninga i detaljhandelen har gjeve utslag i sysselsetjinga. Arbeidstida pr. sysselsett (dvs. utførte timeverk) i detaljhandelen har auka meir enn stigninga i talet på sysselsette. Produktiviteten (omsett volum pr. utført timeverk) har gått opp i detaljhandelen.

Det omsette volumet i engroshandelen låg i 1. kvartal 1985 7,5 prosent over tilsvarende kvartal i 1984. Held ein motorkjøretøya utanfor, blir veksten på 5,5 prosent. Sysselsetjinga i engroshandelen auka i 1. kvartal 1985 meir enn omsetninga, slik at det har funne stad ein nedgang i produktiviteten.

Det er vedteke ny lovgjeving om føretaksregistrering, til avløyning av den noverande handelsregisterlovgjevinga. Administrasjonen av den nye ordninga skal samordnast med Lausøyreregisteret/Rekneskapsregisteret i Brønnøysund.

Forsvarsplanlegginga har halde fram etter dei langsiktige retningslinjene som er gjevne i St.meld. nr. 74 for 1982–83. Dei årlege løyvingstaka har vore i samsvar med føresetnadene i meldinga.

Det har innanfor budsjettammene vore mogleg med ein relativt stor auke i dei totale løyvingane til kjøp av nytt materiell og utstyr. Utbetalingene til F-16-prosjektet har samstundes gått sterkt ned. Det er såleis gjeve rom for viktige moderniseringar og forbetringar innanfor andre høgt prioriterte område.

Omorganiseringa av brigaden i Nord-Noreg til såkalla Brigade 90 Panserforsterka har no teke til. Det same gjeld moderniseringa av dei andre høgst prioriterte brigadane. Det blir lagt spesiell vekt på betre panservern, kjøp av styrbare luftvernrakettar og betre mobilitet for feltavdelingane.

Innkjøpet av luftvernrakettan Robot 70 held fram i samsvar med planane, og systemet er

under levering til 6 av brigadane. Dei avtalte leveringane av 2 550 nye feltkjøretøy held òg fram etter planane. Vidare er det nyleg inngått kontrakt med Sverige om levering av 2 000 beltekjøretøy.

Kontrakten må sjåast som ein del av den avtala ein tidlegare fekk i stand om å styrkje industrisamarbeidet mellom Noreg og Sverige.

I Sjøforsvaret er det vedteke å oppdatere inntil 6 ubåtar av Kobbenklassa for å gjere dei operative fram mot år 2000, samstundes som 6 nye båtar av ULA-klassa er tinga frå Vest-Tyskland. Det er inngått ein produksjonskontrakt for norsk-tysk samarbeid om eldleiingsutstyret til desse båtane. Like eins er det inngått delkontraktar i samband med oppdateringa av ekskortefartøya, medan andre er under førebuing.

Den vedtekte utbygginga av IHAWK raketluftvern for dei seks høgast prioriterte flyplassane er no sett i verk. Luftforsvaret har dessutan inngått avtale om produksjon av Penguinmerke 3-rakettar til F-16.

Store delar av utstyret til den amerikanske marineinfanteribrigaden er no komne til Trøndelag og har hiiftil vore lagra provisorisk. Oppføring av permanente lager er no godkjend for fellesfinansiering i NATO, og byggearbeida skal begynne hausten 1985.

HM Kongens Garde har no teke i bruk den nye leiren på Huseby utanfor Oslo. Det står att ein del velferds- og fritidsanlegg før byggearbeida er slutførte.

På personellsida kan ein nemne at den reviderte befalsordninga har verka i om lag eitt år, og at overgangen i store trekk går etter planane. Generelt kan det seiast at personellstoda i Forsvaret er god, men at det vil bli naudsynt å ta ytterlegare steg for å halde oppe den storleiken på personellstyrken som krevst. Dette gjeld mellom anna for jagarflygarar og personell innanfor ein del tekniske greiner.

Noreg tek framleis del i FN-styrken i Libanon og sender observatørar til etablerte FN-misjonar.

Folkemengda pr. 1. april 1985 var 4 147 647. I kalenderåret 1984 auka folkemengda med 11 500. Av dette utgjorde den naturlege tilveksten (fødselsoverskottet) 7 700, eller knapt 0,2 prosent. Dette er det same talet for samla formeiringsevne som i 1983. Nettoinnflyttinga til Noreg vart i 1984 redusert med 12 prosent, til 3 800.

Førebels oppgåver over varebyttet med utlandet syner at verdien av innførsla (utanom skip og oljeplattformer) i dei sju første månadene av 1985 var 71,2 milliardar kroner, eller

12,4 milliardar kroner meir enn i same tidsrommet i fjor. Verdien av utførsla (utanom skip og oljeplattformer) var 92,8 milliardar kroner, eller om lag 10,0 milliardar større enn i januar–juli 1984. Av utførsla i dei første sju månadene utgjorde råolje og gass 49,1 milliardar kroner, mot 43,5 milliardar kroner i same perioden i fjor.

Nettoeksporten av varer i alt auka med 2,8 milliardar kroner frå januar–mai 1984 til januar–mai 1985. Nettoeksporten av tenester i alt gjekk ned med 0,4 milliardar kroner. For renter og stønader var det eit underskott i januar–mai 1985 på 7,0 milliardar kroner, mot 7,6 milliardar kroner i same perioden i 1984.

For perioden januar–mai 1985 var det eit overskott på driftsrekneskapen overfor utlandet på 13,6 milliardar kroner, mot 10,6 milliardar kroner i januar–mai 1984. Overskottet på driftsrekneskapen for januar–mai 1985 vart motsvart av ein netto utgang av langsiktig kapital på 1,5 milliardar kroner og ein netto utgang på kortsiktig kapital på 12,1 milliardar kroner.

I oljeutvinning, bergverksdrift, industri og kraftforsyning var det ein produksjonsauke på 2,3 prosent i dei seks første månadene i 1985 i høve til same perioden i 1984. Oljeutvinning og bergverksdrift auka med 2,3 prosent, medan industrinæringane synte 2,9 prosent auke frå 1984 til 1985. Kraftforsyninga gjekk ned med 0,4 prosent i høve til same perioden året før.

Samanlikna med dei seks første månadene i 1984 var det ein produksjonsauke på 2,0 prosent i dei skjerna og 4,3 prosent i dei heimekonkurrerende næringane. I dei utekonkurrerende næringane synte produksjonen 0,2 prosent auke i same tidsrommet.

Produksjonen av olje og gass på norsk kontinentalsokkel var i 1984 61,2 millionar tonn oljeeiningar, medan den i 1983 var 55,0 millionar tonn oljeeiningar.

I dei første åtte månadene av 1985 vart det produsert 41,8 millionar tonn oljeeiningar. Dette er ein auke på 4,5 prosent i høve til den same perioden i fjor.

Investeringane i faste installasjonar og rørleidningar på kontinentalsokkelen var i 1984 23,1 milliardar kroner, medan dei i 1983 var 14,8 milliardar kroner.

Det totale salet av petroleumprodukt var i 1984 7 908 millionar liter, ein auke på 1,8 prosent frå 1983. Totalsalet dei første åtte månadene av 1985 var 5 361 millionar liter, ein auke på 2,6 prosent i høve til same perioden i 1984.

Produksjonen av elektrisk kraft var i 1984 106,7 milliardar kilowatt-timar, 0,4 prosent større enn i 1983. I dei første sju månadene av 1985 var produksjonen av kraft 61,1 milliardar kilowatt-timar. Det er ein nedgang på 3,0 prosent i høve til dei sju første månadene i 1984. Det totale bruttoforbruket av elektrisk kraft har i dei sju første månadene i 1985 auka med 3,5 prosent i høve til same tidsrommet året før. Auken i den tilsvarande perioden for det temperaturkorrigerte forbruket av kraft til vanleg forsyning har vore om lag 4 prosent.

Ser ein på tolv månadersperioden august 1984 til og med juli 1985 var forbruket av kraft 100,4 milliardar kilowatt-timar, ein auke på 3,1 prosent i høve til same perioden eitt år tidlegare. (Desse tala er ikkje temperaturkorrigerte.)

Magasinfyllinga var i midten av august i år 72 prosent, mot 89 prosent på same tid i fjor. Då det i år har vore ein tilvekst i magasinkapasiteten, er den prosentvise oppfyllinga i år rekna av ein større magasinkapasitet. Energimengda i magasina var i midten av august i år rekna til 52,9 TWh mot 58,4 TWh på same tid i fjor.

I 1984 auka installasjonskapasiteten i kraftverka med 228 MW og gjennomsnitts produksjonsevne med om lag 1 200 GWh. I første halvdel av 1985 var tilveksten i installasjonskapasiteten 246 MW medan produksjonsevna auka med om lag 600 GWh.

Handelsflåten minka med 1 796 000 bruttotonn i første halvår i år, og var på 14,1 millionar bruttotonn ved utgangen av juni. Tanktonnasjen minka i første halvår med 1 148 000 bruttotonn.

Ved utgangen av 1984 var det ved utlandske verkstader skip under bygging eller tinga for norsk rekning på til saman 1,1 millionar bruttotonn. Det var ein nedgang på 0,1 millionar bruttotonn frå utgangen av 1983.

For tørrlastskipa har fraktratane vore tilnærma konstante i 1983 og gjekk noko ned i 1984 og første halvår av 1985.

Ratane for tankskip har òg vore dårlege. Dette gjeld særleg dei store tankskipa.

Ved utgangen av juli låg 9,8 prosent av handelsflåten i opplag, mot eit opplag på 15,2 prosent ved utgangen av juli i fjor. Sommaren 1985 var det 27 norskregistrerte plattformer og boreskip. Leigeinntektene gjekk noko ned i 1984 samanlikna med året før.

Det har vore eit hovudmål for prisstyresmaktene å arbeide for at prisstigninga blir

ytterlegare dempa. Konsumprisindeksen for dei åtte første månadene i året låg i gjennomsnitt 5,6 prosent høgare enn i den tilsvarende perioden i fjor. Tilsvarende tal for året før var 6,4 prosent. Engrosprisindeksen for dei åtte første månadene i 1985 låg i gjennomsnitt 5,7 prosent høgare enn i den tilsvarende perioden i fjor, og produsentprisindeksen låg 5,9 prosent høgare. Detaljomsetninga auka med 13,9 prosent i verdi dei seks første månadene i 1985 i høve til same perioden året før.

Det har vore ei klar betring på arbeidsmarknaden det siste året. Talet på sysselsette auka med 13 000, dvs. 0,7 prosent frå 1983 til 1984. Veksten har vore større i 1. halvår 1985 der sysselsetjinga låg på 24 000, 1,2 prosent høgare enn året før. Talet på utførte timeverk auka med 2,8 prosent i same perioden. Talet på sysselsette i industrien, byggje- og anleggsverksemda og i primærnæringane synte nedgang, medan tenesteytande næringar heldt fram med veksten frå tidlegare år.

I 1984 vart det i gjennomsnitt registrert 66 600 arbeidslause. Av desse var det 41 100 menn og 25 500 kvinner. Den registrerte arbeidsløysa var i 1984 3,9 prosent av arbeidsstyrken.

Tal for 1. halvår 1985 viser at arbeidsløysa framleis går ned. Gjennomsnittet for 1. halvår 1985 var 58 000, 11 400 lågare enn 1. halvår 1984. Arbeidsløysa ved utgangen av august 1985 låg 18 500 lågare enn eit år tidlegare. Når det gjeld dei ulike landsdelane, har arbeidsløysa gått mest ned på Sørlandet, medan nedgangen har vore minst i Trøndelag og Nord-Noreg.

Arbeidsløysa mellom ungdom under 20 år har hittil i år synt etter måten sterkare nedgang enn arbeidsløysa totalt. Auken av elevplassar i vidaregåande utdanning, talet på lærlingplassar og auke i arbeidsmarknadstiltaka har gjort sitt til nedgangen i arbeidsløysa mellom ungdommen.

Ved utgangen av januar i år hadde dei arbeidslause i gjennomsnitt vore registrerte som ledige i 22 veker mot 18 veker i januar 1984. Talet på personar som hadde vore arbeidslause eit halvt år eller meir, auka med 3 300. Denne auken må ein m.a. sjå i lys av endringane i reglane for arbeidsløsestønad frå 2. juli 1984. Etter dei nye reglane kan det bli ytt stønad samanhengande i 80 veker i to påfølgjande kalenderår.

Ei rekkje forhold tyder på at det framleis vil bli tilpassingsproblem på arbeidsmarknaden. Gjennom ulike former for arbeidsmarknadstiltak, der auken i omfanget det siste året har vore konsentrert om ulike kvalifiseringsiltak, har arbeidskraftstyresmaktene aktivt prøvd å gjere denne mistilpassinga mindre,

slik at arbeidsmarknaden skal fungere betre.

Regjeringa har også for budsjettåret 1985 utarbeidd ein eigen beredskapsplan for arbeidsmarknadstiltak. Formålet er som i tidlegare år å avgrense verknadene av problem på arbeidsmarknaden som er knytt til visse næringar og visse distrikt i samband med strukturendringar i arbeidslivet og endringar i samansetjing og omfang i etterspørselen.

Til dei ulike arbeidsmarknadstiltaka (sysselsetjings-, opplærings- og attføringstiltak o.a. og administrasjon) er det for budsjettåret 1985 løyvt 1 735 millionar kroner over det ordinære budsjettet og 1 500 millionar kroner over beredskapsbudsjettet.

Det var i gjennomsnitt for 1. halvår 1985 sysselsett i alt 39 000 personar i arbeidsmarknadstiltak, dvs. 3 100 fleire enn i den tilsvarende perioden i 1984. Av dette utgjorde kommunale og fylkeskommunale sysselsetjingsprogram 11 300 personar. Det var i same perioden gjennomsnittleg 10 550 yrkeshemma som var sysselsette i mellombels og meir varige arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma.

I kommuneforvaltninga var det ein reell vekst i den samla aktiviteten på om lag 2,2 prosent frå 1983 til 1984. Nye oppgåver innanfor helse- og sosialsektoren som er lagt til kommuneforvaltninga, og det kommunale sysselsetjingsprogrammet står for 0,9 prosent av denne veksten.

Dei samla inntektene i kommuneforvaltninga auka med om lag 12 prosent frå 1983 til 1984. Dette er noko meir enn Regjeringa la til grunn i budsjettopplegget. Om lag 2 prosent-einingar av denne veksten har samanheng med nye oppgåver og det kommunale sysselsetjingsprogrammet.

Førebels rekneskapstal viser at det samla rekneskapsunderskottet i kommunane vart lågare i 1984 enn i 1983. Men når ein reknar med udekka underskott frå tidlegare år, auka dei oppsamla underskotta frå 1983 til 1984.

For 1985 reknar ein med at dei samla inntektene for kommunane og fylkeskommunane vil auke med vel 10 prosent. Ein reknar vidare med at dei samla utgiftene til kjøp av varer og tenester vil stige noko mindre, slik at kommuneforvaltninga samla vil få eit noko lågare underskott før lån og avsetningar i 1985 enn i 1984.

I 1984 vart det totalt sett i gang bygging av 26 173 bustader og fullført 30 804 bustader mot tilsvarende 31 561 igangsette og 32 667 fullførte bustader i 1983.

Talet på bustader som vart sette i gang, var for perioden januar–august 1985 16 761 mot 17 157 i 1984. Tilsvarende tal for fullførte bustader var 17 030 og 19 998.

For andre bygg enn bustader vart det i pe-



rioden januar – august 1985 sett i gang arbeid med 1 972 000 m<sup>2</sup>. Det er ein auke på 12,3 prosent i høve til fjoråret.

I Stortingsmelding nr. 67 for 1984 – 85 Regional planlegging og distriktspolitikk har Regjeringa drege opp hovudlinjene for distriktspolitikken. Meldinga vart drøfta i Stortinget i juni 1985.

Distriktsutbyggingsfondet gav i 1984 tilsegn om lån med 772,6 millionar kroner, tilsegn om nye garantiar for lån med 257,6 millionar kroner og tilsegn om investeringstilskott med 441,4 millionar kroner. Vidare vart det gjeve tilsegn om bedriftsutviklingstilskott med i alt 160,5 millionar kroner. Av dei samla tilsegnene frå fondet på 1 632,2 millionar kroner gjekk 31,4 prosent til Nord-Noreg. Pr. 30. juni 1985 er det gjeve tilsegn om lån med 464,2 mill. kroner, investeringstilskott med 358,8 mill. kroner og bedriftsutviklingstilskott med 82,8 mill. kroner.

I 1984 vart det frå kap. 550, Kommunale utbyggingstiltak, gjeve tilsegn om tilskott med i alt 210,1 millionar kroner.

I 1984 vart det innvilga stønad til prosjekt for 25,8 millionar kroner og 7,6 millionar kroner over dei særskilde Nord-Noreg- og Vestlandsløyvingane.

Selskapet for industrivekstanlegg (SIVA) har 14 anlegg. I alt har selskapet pr. 31. desember 1984 bygd ut omlag 215 000 m<sup>2</sup> industrilokale. Den totale sysselsetjinga i desse lokala var pr. 31. desember 1984 4 251 personar, og av desse var det 695 kvinner og 3 556 menn.

Under ordninga med regional transportstønad vart det i 1984 utbetalt 130,9 millionar kroner.

Pr. 1. januar 1985 var det busett om lag 95 000 utanlandske statsborgarar i Noreg. Det utgjer om lag 2,3 prosent av det samla innbyggjartalet.

Frå budsjettåret 1985 er dei statlege midlane til innvandrareiningane overførte til bukommunane som no administrerer midlane.

Regjeringa legg stor vekt på arbeidet med å motarbeide rasisme og diskriminering. Det er sett i gang eit arbeid der ein går igjennom det norske lovverket for å fjerne unødige forskjellsbehandling av utlendingar.

Samerettsutvalet som vart oppnemnt den 10. oktober 1980, leverte den første utgreiinga si til Justisdepartementet den 15. juni 1984, «Om samenes rettsstilling». Utgreiinga munnar ut i eit utkast til ei grunnlovsføresegn om rettsstillinga til den samiske folkegruppa, utkast til lov om sameting og andre samiske

rettsforhold (samelova), og utkast til føresegner i samsvar med lova. Utgreiinga er sendt ut på ei brei høyring.

Utvalet som den 17. oktober 1980 vart oppnemnt med mandat å drøfte samiske kultur- og utdanningsspørsmål, leverte den 7. juni 1985 den første utgreiinga si til Kultur- og vit-skapsdepartementet. Utgreiinga tek for seg situasjonen for samane når det gjeld kultur, språk og utdanning, og gjer m.a. framlegg om ei ny samisk språkløv. Også denne utgreiinga er no ute på høyring.

For jordbruket har vekstilhøva i 1985 vore sterkt varierte. Etter ein kald vinter og sein vår har sommaren i Sør-Noreg vore prega av mykje nedbør. I Trøndelag og Nord-Noreg var det varmt vør og svært gode vekstilhøva i juni og juli. Grasavlingane var over det normale for landet sett under eitt. I Troms vart grovfôravlingane til dels sterkt reduserte på grunn av store overvintringsskadar.

Det kraftige juliregnet i Sør-Noreg førte til mykje legde og skadar på kornet. Med bra vør i august ligg det likevel an til noko større kornavlingar enn normalt.

Det er også rekna med potet og rotvekstavlingar over det normale.

Når ein ser bort frå bønner og agurk på fri-land, er det venta normale grønsakavlingar.

På grunn av det skiftande vêret har frukt og bæravlingane variert sterkt frå fylke til fylke. Pæreavlingane var stort sett reduserte over heile landet.

Som ei følgje av dei tiltaka som er sette i gang, er overproduksjonen på mjølk og egg halvert sidan i fjor. Overproduksjonen på kjøtt har auka noko.

I skogbruket vart det avverka 9,1 millionar m<sup>3</sup> tømmer og ved for sal i driftsåret 1983 – 84. Førebels tal tyder på at avverkinga for 1984 – 85 også vil liggje på om lag det same nivået. Det er sett i gang eit program for overvaking av skogen med tanke på moglege skadar frå langtransporterte ureiningar.

Utbyttet av fisket var 1. halvår 1 125 millionar tonn (rund vekt), mot 1 152 millionar tonn 1. halvår 1984. Førstehandsverdien i 1. halvår var om lag 2,3 milliardar kroner som er om lag 100 millionar meir enn i same tidsrommet i fjor. Av torsk er det teke om lag 43 000 tonn mindre og av industrifisk om lag 51 000 tonn mindre enn til same tid i fjor.

Av sild vart det teke om lag 80 000 tonn meir i 1. halvår samanlikna med same tid i fjor, og av reke om lag 8 000 tonn meir.

Av oppdrettsfisk vart det 1. halvår omsett 14 000 tonn til ein førstehandsverdi på om lag

650 millionar kroner, mot 13 000 tonn og 464 millionar 1. halvår 1984. Samla for heile 1984 vart det omsett 27 000 tonn fisk til ein førstehandsverdi på 965 millionar kroner.

Eksporverdien av fisk og fiskeprodukt gjekk opp frå 3 685 millionar kroner pr. 30. juni 1984 til 4 045 millionar kroner pr. 30. juni 1985.

Utviklinga av det samla innanlandske persontransportarbeidet har synt vekt det siste året, etter ein nedgang i slutten av 70-åra.

Den innanlandske persontransportmarknaden er merkt av at dei kollektive transportmidla på nytt taper marknadsdelar i høve til dei private transportmidla, i første rekkje personbilen.

Godstransportarbeidet innanlands viste i 1984 ein auke på 2,6 prosent frå 1983.

Det offentlege vegnettet var ved utgangen av 1984 84 563 kilometer, ein auke på 531 kilometer i høve til året før.

Av riksvegnettet har 94,5 prosent fast dekke. Totalt har 63,8 prosent av det offentlege vegnettet fast dekke.

I 1984 har riksvegnettet som tåler 10 tonns akseltrykk, auka med 2 018 kilometer. Pr. 1. januar 1985 er det lov å kjøre med 10 tonns akseltrykk på i alt om lag 56 prosent av riksvegane. Det er ein auke på om lag 8 prosent-einingar frå året før. 99,9 prosent av riksvegnettet kan trafikkerast med 8 tonns akseltrykk.

Av viktige vegruter som er opna for 10 tonn i 1984, kan ein nemne:

- E-76 Drammen – Haugesund/Bergen over Haukeli
- Rv. 15 Otta – Stryn – Måløy
- Rv. 14 Mellom Sognefjorden og Nordfjord
- Rv. 60 Byrkjelo – Stryn
- Rv. 80/19 Harstad – Kabelvåg med ferjesamband til Bognes på E-6
- Rv. 70 Narvik – riksgrensa ved Bjørnefjell

I 1984 vart 205 nybyggingar og ombyggingar av bruar avslutta og opna for trafikk. Desse bruene har ei samla lengd på 4 842 meter. Den gjennomsnittlege brulengda var om lag 24 meter.

Av større bruanelegg som vart bygde og opna for trafikk i 1984 kan ein nemne:

- Lillehammerbrua i Oppland
- Svelgenbrua i Hordaland

Av store prosjekt som elles vart avslutta i 1984, kan ein nemne mellomriksvegen Narvik – Kiruna, «Nordkalottvegen».

Sommaren 1984 var det dessuten gjennomslag i den 5 km lange Flenjatunnelen på stamvegen Oslo – Bergen mellom Flåm og Langhuso i Sogn og Fjordane.

I 1984 vart det bygd 165 km gang- og sykkelvegar langs riksvegane og om lag 70 planstilte kryssingar for fotgjengarar og syklistar. Den samla lengda av gang- og sykkelvegar langs riksvegane var ved årsskiftet om lag 1 310 km.

260 millionar kroner vart i 1984 brukt til bygging av gang- og sykkelvegar langs riksvegane.

I dei siste åra er det vorte lagt vekt på å binde saman gang- og sykkelvegnettet.

Ved utgangen av 1984 var det i alt 2 445 147 registrerte og skilta kjøretøy i Noreg, ein auke på 4,6 prosent frå året før. Av desse var det 1 643 761 bilar. Det samla talet på personbilar var ved utgangen av året 1 429 710. Det svarer til 2,9 innbyggjarar pr. personbil i Noreg, og 2,5 innbyggjarar pr. bil.

Vegtrafikken i Noreg auka med 2,6 prosent samanlikna med året før. Godstransportarbeidet på veg utanfor rute hadde ein auke på 6,5 prosent.

Etter ein sterk og jamn nedgang i talet på drepne i trafikken i åra 1977 – 1981, auka talet att i 1982 – 1984. I 1984 vart 410 personar drepne i trafikken, mot 409 i 1983, 401 i 1982, 362 i 1980 og 539 i 1975.

I juli 1985 la Samferdselsdepartementet fram eit eige handlingsprogram for å betre trafikktryggleiken.

Ferjetrafikken har auka frå 1983 til 1984. På riksvegferjene har trafikkauken målt i personbileiningar vore på 3,4 prosent. Passasjertrafikken har auka med 2,5 prosent. Ved utgangen av 1984 var det i riksvegnettet ein flåte på 222 ferjer med til saman 8 150 personbilstassar.

Skip er det viktigaste transportmidlet for frakting av gods over lange avstandar. Transportarbeidet er rekna til 10,7 milliardar tonn-kilometer i 1984, ein auke på 0,4 prosent frå 1983. 58,2 prosent av det totale innanlandske godstransportarbeidet går no sjøvegen.

Kystrutene hadde i 1984 ein nedgang på 2 prosent i talet på passasjerar. Hurtigruta Bergen – Kirkenes, som er ein del av kystrutene, hadde ein tilbakegang frå 279 500 passasjerar i 1983 til 274 500 passasjerar i 1984. Det er ein nedgang på 1,8 prosent, etter ein auke på 0,9 prosent frå 1982 til 1983.

Til samanlikning hadde hurtigruta 400 000 passasjerar i 1978. 1. halvår 1985 syner derimot ein auke att på 10,7 prosent i passasjer-talet i høve til 1. halvår 1984.

Transportarbeidet på jernbanen målt i personkilometer auka med 1,1 prosent i 1984 til

2 198 millionar personkilometer. Norsk trafikk auka med 1,4 prosent, medan trafikken til og frå utlandet gjekk ned med 4,5 prosent i høve til 1983.

Godstrafikken (kommersiell trafikk utanom malmtrafikken på Ofotbanen) utgjorde i alt 2 112 millionar tonnkilometer i 1984. Det er ein auke på 5,2 prosent frå 1983. Vognlaster i lokal norsk trafikk auka med 6,7 prosent til i alt 1 554 millionar tonnkilometer.

Vognlaster i samtrafikk med utlandet auka med 1,3 prosent til i alt 548 millionar tonnkilometer.

Malmtransportane på Ofotbanen auka med om lag 2,3 millionar tonn, til om lag 12 millionar tonn i 1984. Det er ein auke på 23,2 prosent i høve til 1983.

Kapasiteten på dei norske innanlandske flyrutene, rekna i tilbodne setekilometer, auka med 3,0 prosent i 1984. Talet på passasjerar som kom og reiste over norske lufthamner, auka i 1984 med 11,7 prosent. Trafikken på stamruteplassane auka med 11,3 prosent, medan trafikken på dei andre plassane gjekk opp med 17,7 prosent.

Trafikkmengda til og frå Oslo-området over Fornebu og Gardermoen var i 1984 samla om lag 5,4 millionar passasjerar når ein reknar med transitt og transfer.

Flyfrakta på dei innanlandske rutene rekna i tonnkilometer auka med 2,5 prosent i høve til året før. Den samla fraktmengda over norske lufthamner synte ein nedgang på 1,7 prosent i 1984 til 57 774 tonn. Fornebu har den klart største fraktmengda.

Telefontettleiken var ved utgangen av 1984 62,2 telefonapparat pr. 100 innbyggjarar. Tilsvarende tal for året før var 57,9.

99,9 prosent av telefonapparata var pr. 31. desember 1984 knytt til automatiske telefonentralar, mot 99,5 prosent ved utgangen av 1983.

96,8 prosent av den innanlandske telefontrafikken vart avvikla automatisk i 1984 mot 95,3 prosent i 1983.

Pr. 31. desember 1984 var det installert i alt 2 578 812 telefonapparat medrekna mobiltelefonapparat. Det er ein auke på 184 000 apparat i 1984.

I 1984 tok ein imot tingingar på 117 805 nye telefonabonnement, mot 111 671 i 1983. Ventelistene for telefonabonnement var ved utgangen av 1984 reduserte til 795 abonnement. I 1985 reknar ein med at ventelistene vil vere borte. Det var i 1984, på same måten som året før, ein auke i alle trafikkgreinene i Televerket, bortsett frå telegramtrafikken. Televerket lanserte og marknadsførte fleire nye produkt og tenester i 1984.

Driftsoverskottet var for 1984 på 1 431 millionar kroner.

Televerkets økonomi har gjort det mogleg å redusere teletakstene for 1985.

Ei stortingsmelding om korleis Televerket vidare skal organiserast og kva verkeområde det skal ha, vart lagd fram i 1985 og drøft av Stortinget 6. mai. Arbeidet med omorganisering av Televerket etter den modellen som vart skissert i stortingsmeldinga, er sett i gang.

Den totale postmengda som Postverket tok seg av, er rekna til 1 634,6 millionar sendingar. Det er ein auke på 19,5 millionar sendingar, eller 1,2 prosent frå året før. 71,5 prosent av dette var brevpost.

Ved utgangen av 1984 var det i drift 2 652 faste poststader. Talet på faste poststader gjekk ned med 110 i 1984. Postfilialar, landpoststasjonar og postkontor som er i drift berre visse delar av året, er ikkje med i dette talet.

Totalt er det lagt ned 18 postkontor og 30 brevhus dette året, samstundes med at landposttenesta er bygd ut i dei områda det gjeld. Det er opna 15 nye postkontor.

Nasjonalrekneskapan for 1984 viser at hotell- og restaurantnæringa hadde ein brutto-produksjon på 13,0 milliardar kroner. Det er ein auke på 9,1 prosent i høve til året før.

Trafikken på norske hotell auka med 5,6 prosent i 1984 samanlikna med 1983.

Valutainntektene av reisetrafikken for 1984 auka med 3,8 prosent i høve til 1983. Valuta-utgiftene synte ein auke på 7,9 prosent. Utgiftene var i 1984 6,73 milliardar kroner større enn inntektene.

I 1984 drog 525 000 nordmenn på charterferie til utlandet. Det er 14,2 prosent meir enn året før. Omtrent 38 prosent av alle nordmenn reiste utanlands på sommarferie. Det er ein auke på 3 prosent samanlikna med 1983.

Regjeringa har lagt stor vekt på å fjerne offentlege reguleringar som ikkje lenger tener noko føremål, og gjere dei lovene og forskriftene som ein framleis må ha, enklare.

Frå og med stortingssesjonen 1985–86 blir det gjennomført ei sanering og forenkling av årlege institusjonsmeldingar til Stortinget. Innstillinga frå kontrollkomiteen i Stortinget vart drøft 7. juni 1985. Den fører til at 34 stortingsmeldingar blir sløyfa heilt, 6 meldingar blir lagde fram kvart fjerde år og 12 meldingar skal leggjast fram for Stortinget berre anakvart år.

Regelreformarbeidet går også ut på å hindre at det blir gjeve nye reglar som er ein-sidig funderte eller som ein har gjort fram-

legg om utan at ein har greidd skikkeleg ut følgjene dei vil få. Dette har prega arbeidet med ein ny regelverksinstruks som tok til å gjelde 1. september 1985.

Regjeringa har lagt fram eit lovframlegg for å oppheve forelda lover (Ot.prp. nr. 1 for 1984–85). Lovframlegget vil føre til at alle lover frå før 1814, med visse unntak, blir sette ut av kraft. Samstundes blir det gjort framlegg om at 39 lover frå tida etter 1814 blir sette ut av kraft.

Regjeringa har prioritert arbeidet med å modernisere den statlege forvaltninga, og har prøvd å effektivisere, samordne og forenkle arbeidet i forvaltninga for å nå dei måla som dei politiske styresmaktene set.

Ei ny lov om opningstider er vedteken og tok til å gjelde 1. august 1985. I høve til den gamle lukkelova har den nye lova ført til ei monaleg liberalisering av den tillatne opningstida for utsalsstadene i dei fleste kommunane.

St.meld. nr. 50 for 1984–85 Om familiepolitikken vart drøft i Stortinget våren 1985. Formålet er å styrkje stillinga til familien m.a. gjennom ulike sosiale og økonomiske tiltak.

St.meld. nr. 69 for 1984–85 Om tiltak og virkemidler i likestillingspolitikken vart drøft i Stortinget våren 1985. Meldinga tok m.a. opp likestillingsarbeidet innanfor arbeidsliv og utdanning.

Ved årsskiftet 1984–85 var det 94 400 barn i barnehagar, dvs. ein dekkingsgrad på 26,4 prosent. Forskriftene for areal og talet på tilsette i barnehagane vart endra med verknad frå 1. november 1984. Endringa av forskriftene gav barnehageeigarane høve til større fleksibilitet og til betre utnytting av dei ressursane som finst, m.a. ved at dei no kan ta inn fleire barn i dei barnehagane der det er forsvarleg.

Hovudoppgåva til prisstyresmaktene har vore å fremje ei fri marknadstilpassing, og arbeide for ei lågast mogleg prisstigning og ei betre utnytting av ressursane ved å effektivisere konkurransen.

Konsumprisindeksen for dei åtte første månadene i året låg i gjennomsnitt 5,6 prosent høgare enn i den tilsvarande perioden i fjor. Tilsvarande tal for året før var 6,4 prosent høgare.

Det er sett i gang arbeid med å lage utkast til lov om fusjonskontroll og med å førebu endringar i prislova.

Det er det siste året gjennomført ei rekkje kredittpolitiske tiltak.

Liberaliseringa av kredittpolitikken er ført vidare. Frå årsskiftet er plasseringsplikta i obligasjonar som bankane har hatt, oppheva.

Frå 1. juli er det gjort slutt på plasseringsplikta for forsikringsselskap.

Det er lagt vekt på å auke konkurransen og effektiviteten i penge- og kredittmarknaden. Ein reknar med at etableringa av utanlandske bankar i år vil vere med og gjere sitt til dette.

Det er lagt vekt på å dempe veksten i pengemengda, m.a. ved sal av statsobligasjonar direkte i marknaden og gjennom Noregs Bank. Det vil hjelpe til med å halde pris- og kostnadsveksten nede.

Dei samla utlåna frå forretnings- og sparebankane har i første halvår auka klart meir enn føresetnaden var i kredittbudsjettet. Grunnlaget for primærreserverkrav i form av kjøp av statskassevekslar vart derfor endra og satsen auka til 15 prosent for bankar og finansieringsselskap frå 1. juli. Nordnorske bankar er framleis unnatekne frå primærreserverkrava.

Den nye lova om Noregs Bank er vedteken i Stortinget og vil bli sett i verk i haust.

Ved utforminga av finanspolitikken for 1985 er det framleis lagt stor vekt på å unngå for sterk auke i dei offentlege utgiftene. Åtgjerder som Regjeringa har sett i verk for å minke utgiftsauken i høve til tidlegare år, har likevel gjort det mogleg med ein noko sterkare auke av utgiftene før lån på Statsbudsjettet for å styrkje den offentlege innsatsen på prioriterte område. Frå første halvår 1984 til første halvår 1985 steig driftsutgiftene og utgiftene til investeringar utanom statleg petroleumsverksemd med 10,1 prosent. Overføringane auka med 11,7 prosent.

Dei samla utgiftene medrekna lånetransaksjonar var 105,9 milliardar kroner i første halvår 1985. I same tidsrommet var overskottet på statsbudsjettet medrekna folketrygda 12,0 milliardar kroner, eller om lag 0,6 milliardar kroner større enn året før. Underskottet for lånetransaksjonar (korrigert for oljeskattar, statleg petroleumsverksemd og overføringar frå Noregs Bank), som viser verknadene budsjettet har på den innanlandske økonomien, var i første halvår 1985 10,8 milliardar kroner, mot 10,5 milliardar kroner i den same perioden i 1984.

For å hjelpe til i kampen mot sur nedbør er det fastsett ei forskrift om bruk av olje med lågt svovelinnhald for all verksemd i dei 13 sørlegaste fylka. I samband med overvaking av verknadene av sur nedbør i Noreg, er det sett i verk eit overvakingssystem for skogskadar.

Det er lagt fram ei stortingsmelding om tiltak mot vass- og luftureining og kommunalt

avfall. Meldinga legg opp til ein større grad av lokal tilpassing av tiltaka og auka ressursar til dette arbeidet.

Behovet for tilsyn og kontroll med utslepp frå industrien som ureinar, er stort. Det er utarbeidd konkrete planar for ein markert auke av denne kontrollen.

Det er utarbeidd eit opplegg for løyve etter forskriftene om spesialavfall, og det har vore arbeidd aktivt for å få til eit nytt anlegg for brenning av spesialavfall.

Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet har sett i verk eit kortsiktig handlingsprogram mot landbruksureiningar. Eit utkast til forskrift om blyfri bensin har vore ute på høyring, og det er lagt fram eit handlingsprogram mot vegtrafikkstøy.

Det er lagt fram melding om Samla plan for vassdrag og om vassforsyning.

Det første naturressursbudsjettet vart presentert i Langtidsprogrammet 1986–1989.

Det er vedteke nye reglar om erstatning i naturvernlova. Endringane skal sikre eit rimeleg vederlag til dei grunneigarane som eig område som kjem inn under dei strengaste fredingsformene.

I perioden er det oppretta 96 naturreservat, 6 landskapsvernområde, 9 andre fredingsområde og 10 naturminne. Det er sikra 42 område for friluftsmål.

Stortinget har vedteke ei felles plan- og bygningslov, og førebuingane med sikte på å setje lova i kraft frå 1. juli 1986 er i gang. Som eit ledd i dette arbeidet har hittil nær 300 av kommunane i landet fått avgjerdsrett til sjølve å godkjenne reguleringsplanane sine.

Statens nærmiljøutval har vidareført forsøks- og utviklingsarbeidet for å styrkje nærmiljøet. Innsatsen er konsentrert om 15–20 kommunar.

Arbeidet med å styrkje kulturminnevernet er ført vidare. Oppbygginga av Riksantikvaren som sentralorgan for kulturminne er påbegynt. Det er sett i gang arbeid med ei eiga melding om vern av bygningar og fornminne.

I 1985 er det løyvt 10 millionar kroner til sysselsetjingstiltak innanfor kulturminnevernet. Det blir gjennomført i alt 67 prosjekt i 3. kvartal 1985.

Regjeringa har markert 60-års jubileet for overtakinga av suvereniteten over Svalbard med ei tilstelling i Longyearbyen.

Det er vedteke ei endring i domstollova der den tidlegare ordninga med personleg kunnjing ved stemnevitne som hovudregel blir erstatta av kunnjing gjennom Postverket.

Postkunnjing gjer det heile enklare og rimelegare.

Det er vedteke å opprette ein utmarkskomisjon for Nordland og Troms, som skal ta stilling til spørsmål om eigedomsrett og bruksrett i område der det i Nordland og Troms er uklare grenser mellom statsgrunn og annan grunn.

Det er vedteke fleire endringar i lov om aksjeselskap. M.a. er kjøparar og seljarar av større aksjepostar i børsnoterte selskap pålagde meldeplikt til selskapet og til børsen, og det er vedteke å etablere ein verdipapirsentral for registrering av aksjar og obligasjonar.

Vidare er det vedteke ei ny lov om kredittkjøp som m.a. gjev nye reglar om utvida forbrukarvern.

Det er i 1985 sett i gang eit omfattande prosjekt for nedarbeiding av restansane ved domstolane.

Det er oppretta ein fast granskingskomisjon ved dykkarulykker.

Det er framleis lagt stor vekt på det kriminalitetsførebyggjande arbeidet. M.a. gjennom Aksjon nabohjelp – igangsett ved Oslo politikkammer, sidan utvida til heile landet – blir publikum informert om sikringstiltak mot vinningskriminalitet.

Spreiinga av datasystem i politiet har halde fram, og det er kjøpt inn og teke i bruk eit edb-basert fingeravtrykkssystem. Utvikling og bruk av nye datasystem i politiet fører til ressurs sparing, og vil kunne gjere sitt til at ein blir betre i stand til å oppklare straffbare handlingar.

Fengselsskolen har flytta inn i nye lokale.

Det er lagt stor vekt på å auke soningskapasiteten i anstaltane i fengselsstellet. Utvidingar som er vedtekne i 1985 omfattar nye opne soningsanstaltar i Sandeid fjernhjelpelir, Ryfylke og ved Leira skole, Trondheim og utviding av plasskapasiteten ved Hof arbeidsleir. Medrekna desse nye plassane har anstaltane i fengselsstellet no om lag 2 450 soningsplassar. Pr. 1. januar 1982 var talet 2 165 plassar.

Auken i soningskapasiteten vil i større grad gjere det mogleg å redusere talet på dommar som ikkje er sona.

Prøveverksemda med samfunnssteneste, som vart sett i gang i Rogaland, er no utvida til to nye prosjekt i Hordaland og i Hedmark/Oppland.

Dei ordinære stønadssatsane i barnetrygda er høgda med i gjennomsnitt 8,7 prosent frå 1. januar 1985. For barn med einslege forsørgjarar auka stønadssatsane med i gjennomsnitt 8,2 prosent.



Grunnbeløpet i folketrygda vart med verknad frå 1. mai 1985 auka med kr 1 700 til kr 25 900. Det gjennomsnittlege grunnbeløpet aukar då med 7 prosent frå 1984 til 1985. Frå same tid vart satsen for særtillegg sett opp med 0,5 prosenteningar til 53 prosent for einslege og 49 prosent for ektepar. Minstepensjonen for einslege aukar etter dette med 7,4 prosent frå 1984 til 1985. Til samanlikning reknar ein med ein lønnsauka på om lag 7 prosent i same tidsrommet for industriarbeidarar.

Pensjonane frå pensjonstrygda for sjømenn til pensjonistar under 67 år og krigsfartstillegget vart auka frå 1. mai 1985 i samsvar med høgdinga av grunnbeløpet i folketrygda.

I krigspensjoneringa vart det lågaste pensjonsgrunnlaget for innsats- og overgrepsgruppene teke bort, slik at dei frå 1. juli 1985 får pensjon frå eitt lønnssteg høgare (lønnssteg 21). Frå same dato vart vilkåret om «organisert» motstandsarbeid i tilleggslova av 1968 sett ut av kraft.

Frå 1. april 1985 vart den lågaste inntektsgrensa for rett til sjukepengar sett til eit beløp som svarer til halvparten av grunnbeløpet (kr 12 950 frå 1. mai 1985). Den høgaste inntektsgrensa vart sett til seks gonger grunnbeløpet (kr 155 400).

Frå same tid gjeld det at det ikkje blir ytt sjukepengar utover den tida yrkesaktiviteten skulle vore avslutta ved nådd pensjonsalder, eller når ein sjølv vel å trekkje seg attende frå yrkeslivet. Det skal heller ikkje bli ytt sjukepengar under permisjon.

Den maksimale stønadstida for sjukepengar til personar som tek imot gradert alderspensjon, vart sett til 90 dagar (18 veker) med verknad frå 1. juli 1985. Frå same tid gjeld det at uførepensjon tidlegast kan bli utbetalt frå og med den kalendermånaden sjukepengeperioden går ut, når sjukepengane er minst like høge som uførepensjonen.

Med verknad frå 1. juli 1985 blir det gjeve attføringspengar med redusert beløp til personar som tek del i yrkesattføring ved skole med offentleg stønad og som får kost og losji ved skolen.

Med verknad frå 1. mai 1985 er det gjennomført visse avgrensingar i retten til sjukepengar for manntalsførte fiskarar og fangstmenn. Mellom anna vart den høgaste inntektsgrensa sett til fem gonger grunnbeløpet når inntekta blir fastsett ved skjønn. Vidare vart det innført ei ventetid på 14 dagar for sjukepengar når ein blir arbeidsufør i arbeidsfrie periodar.

Frå 1985 er ordninga med gratis høreapparat til hørselshemma personar under 20 år ut-

vida, slik at elevar i førskolen og skolen som er avhengige av apparat til å bere på kroppen, kan få tildelt apparat både til å bere på kroppen og hovudet.

Våren 1985 er det gjennomført visse lovendingar med sikte på ei snøggare behandling av ankesaker i Trygderetten.

Med verknad frå 1. juli 1985 er det gjeve nye lovføresegner og forskrifter om kapitalgrunnlaget for skadeforsikringsselskap og om plikt for utanlandske skadeforsikringsselskap til å stille trygd i samband med verksemda i Noreg.

Ved utgangen av 1983 var det om lag 12 000 barn og unge under vernetiltak av barnevernsnemndene. Av desse var det om lag 5 600 nye vernetiltak som vart sette i gang i 1983.

Sosialkontora gav sosialhjelp i om lag 97 000 tilfelle i 1983. det er om lag 16 700 fleire tilfelle enn året før. I gjennomsnitt var det 23 stønadstilfelle pr. 1 000 innbyggjarar mot 19 året før.

For 1985 er tilskottet til sosialtenesta i kommunane på 1 174 millionar kroner.

Løyvinga til etablering og drift av krisesenter og krisetelefonar er auka frå 9 millionar kroner i 1984 til 10,5 millionar kroner i 1985.

I 1983 var det om lag 26 000 innleggingar i alkoholistinstitusjonane og av desse om lag 15 300 i avrusingsstasjonar. Vel 19 000 vart melde til edruskapsnemndene, og av desse var det om lag 2 000 kvinner.

Om lag 150 000 heimar fekk hjelp under hjelpeordningane for heimane i 1983 mot rundt 148 000 i 1982.

I 1984 tok Noreg imot 668 flyktningar. Av dei var 503 søraustasiatar. Inntaket for 1985 vil bli om lag 800 personar.

Ei styringsgruppe for effektivisering i helsevesenet er i arbeid, og det er fordelt midlar til ei rekkje tiltak innanfor kommunehelsetenesta og fylkeshelsetenesta.

Regjeringa har sett ned eit utval som skal vurdere ulike prinsipp for korleis ein skal prioritere innanfor helsevesenet.

Utbygginga av hjelpemiddelsentralane går vidare. Desse sju fylka har no fått statleg støtte: Møre og Romsdal, Nordland, Sogn og Fjordane, Buskerud, Finnmark, Telemark og Hordaland.

Stortinget har etter framlegg frå Regjeringa gjort eit prinsippvedtak om kommunalt ansvar for somatiske sjukeheimar. Det er eit viktig grunnlag for at sjukeheimane skal kunne bli ein integrert del av eldreomsorga i kommunen.

Det er i 1984 og 1985 løyvt 35 millionar kro-

1985. 11. okt. — Åpning av det 130. ordentlige Storting

ner til «Aksjon venteliste» og effektiviserings- og rasjonaliseringstiltak innanfor ortopedi og reumakirurgi. Tiltaka har ført til reduserte ventelister og kortare ventetid i fleire fylke.

Det er i 1985 fordelt 5 millionar kroner til hjartekirurgi og 11 millionar kroner til medisinsk-teknisk utstyr m.a. til hjartekirurgi for å auke kapasiteten når det gjeld hjarteoperasjonar i Noreg.

Sosialdepartementet har i tillegg brukt 9 millionar kroner til hjartebrua til England i samarbeid med Landsforeningen for Hjerte- og Lungesyke.

Departementet har engasjert seg i arbeidet med å betre helsepersonellsituasjonen i Finnmark og innanfor psykisk helsevern i Troms. Ei arbeidsgruppe har lagt fram ein rapport med framlegg til tiltak. Regjeringa har slutta seg til framlegga, særleg til dei kortsiktige tiltaka.

Det er gjort førebuingar til utbygging av den ikkje-kirurgiske kreftomsorga i Trondheim og Tromsø i samsvar med drøftingane av saka i Stortinget.

Det er inngått avtaler mellom staten og fylkeskommunane Sør-Trøndelag og Troms som fører til at regionsjukehusa i Trondheim og Tromsø får kapasitet til å gje strålebehandling ved kreftsjukdommar.

Det er sett i verk tiltak for å betre gjestepasientordninga i fylkeshelsetenesta med sikte på å stimulere til nærare samarbeid for å utnytte sjukehusressursane best mogleg. Det er inngått avtaler med fylkeskommunane om kjøp av tenester ved dei statlege, somatiske sjukehusa.

I 1984 vart eit årleg kyrkjemøte lovfest som det øvste representative organ for Den norske kyrkja, og det første kyrkjemøte vart halde i Oslo i november same året.

I kyrkja er det no 1 114 stillingar for geistlege embets- og tenestemenn. Feltprestestillingane og prestestillingane ved fengsel og sjukehus er her ikkje rekna med. Tilgangen på søkjarar til ledige stillingar i sentrale distrikt er tilfredsstillande. Til einskilte stillingar i Nord-Noreg og i mindre sentrale strøk elles er søkjargrunnlaget dårlegare.

I skoleåret 1984–85 er det om lag 529 300 elevar i grunnskolen og 185 000 i den vidaregåande skolen. For grunnskolen gjekk elevtalet ned med om lag 15 000 samanlikna med året før.

Stadig fleire funksjonshemma elevar får no opplæring i den vanlege skolen. I skolane for spesialundervisning og ved sosiale og medisinske institusjonar går talet på elevar i alderen 7–16 år framleis ned.

Stimuleringstiltaka for å betre lærarsitua-

sjonen i Nord-Noreg er ført vidare for Nord-Troms og Finnmark. Tiltaka har hatt god godknad særleg i Nordland og Sør-Troms. For Finnmark synest situasjonen å vere noko betre enn tidlegare år.

Forsøksrådet for skoleverket er avvikla frå 31. desember 1984. Sentral samordning av det pedagogiske utviklingsarbeidet er no lagt til Samordningsutvalet for skoleutvikling (SSU).

Frå 1. august 1985 gjev grunnskolelova samiske elevar rett til å få heile grunnskoleundervisninga si på samisk.

Mønsterplan for grunnskolen blir no revurdert.

I den vidaregåande skolen har søkjartalet auka av di ungdomskulla blir større og av di fleire søker skolegang.

Hausten 1985 har det derfor vore naudsynt å setje i verk spesielle tiltak for å skaffe plass til fleire elevar. Ved særtiltak har fylkeskommunane sagt seg reie til å skipe om lag 7 700 elevplassar med særtilskott frå staten.

Kommunar som set i gang nye 10. klasser i grunnskolen, får eit ekstra tilskott.

Arbeid for å skaffe fleire læringplassar og for å styrkje fagopplæringa i arbeidslivet held fram.

Departementet vil følgje opp stortingsmeldingane om pedagogisk utviklingsarbeid, om vidaregåande opplæring og om visse sider ved spesialundervisninga og den pedagogisk-psykologiske tenesta.

Skoleåret 1985–86 er det 85 folkehøgskolar. Også for dette skoleåret er det ei ordning med integrering av arbeidsmarknadstiltak for arbeidslaus ungdom i dei vanlege folkehøgskolekursera.

Innanfor arbeidsmarknadsopplæringa er det sett i gang kurs i ny teknologi og nye kurs i fleire fag under lov om fagopplæring i arbeidslivet og i handels- og kontorlag. Desse kursa gjev full eller delvis kompetanse som svarer til utdanning på same nivå som den vidaregåande skolen.

Det har vore lagt vekt på å byggje ut førstegongsutdanninga for vaksne funksjonshemma i skoleverket. Særleg har det vore arbeid med å betre tilbodet til psykisk utviklingshemma som bur i institusjonar.

44 opplysningsorganisasjonar har no allmenn rett til statstilskott.

Det er verksemd i 24 godkjende norske brevskolar.

Lov om folkehøgskolar tok til å gjelde 1. august 1985.

Utgiftene til høgare utdanning og kulturformål på statsbudsjettet for 1985 er på om lag 7,2 milliardar kroner. I tillegg blir det innvilga

lån for om lag 2,5 milliardar kroner frå Statens lånekasse for utdanning.

Talet på studentar i høgare utdanning er om lag 97 000. Av dei er om lag 6 500 i utlandet.

Ved dei regionale høgskolane er det hausten 1985 om lag 45 600 studentar. Då er dei institusjonane som utdannar helsepersonell på høgskolenivå, rekna med. Dei har no om lag 8 200 studentar. Det er 8 600 studentar ved distriktshøgskolane og 5 900 ved ingeniørhøgskolane. Det går nærare 1 100 studentar i maritim høgskoleutdanning og fiskeriteknisk høgskoleutdanning. Ved dei pedagogiske høgskolane er opptaket til allmennlærerutdanninga redusert for fjerde året på rad.

Det samla studenttalet ved desse høgskolane er no 12 000. Ein del av dei frigjorde ressursane går til etterutdanning og skoleutviklingsarbeid.

Det er lagt vekt på å skape betre lokalforhold ved høgskolane i Nord-Noreg. Nybygget for Høgskolen i Alta er ferdig i haust. Musikkonservatoriet i Tromsø flytter også inn i nybygg. Statens lærarhøgskole i handels- og kontorlag har i sommar flytt frå Bærum til nyinnreidde lokale på Ringerike.

Ved universiteta og dei andre høgskolane er det hausten 1985 om lag 44 300 studentar. Dei teknologiske og økonomisk-administrative studia ved universitet og høgskolar er gjevne høgaste prioritet og søkinga frå studentane er stor. Også til jus og fiskerifag (m.a. akvakulturstudium) aukar studenttilgangen kraftig.

Det er særleg lagt vekt på å styrkje studietilbodet ved Universitetet i Tromsø, der ein held fram med oppbygginga av jusstudiet. Det er no teke opp studentar til 2. avdeling. I haust blir det for første gong teke opp studentar til sivilingeniørutdanning i Stavanger, og til siviløkonomiutdanning i Bodø.

Til forskingsformål vart det i 1985 delt ut 287,21 millionar kroner av tippemidlane. Av dette fekk Noregs allmennvitenskaplege forskingsråd 121,5 millionar kroner, Noregs landbruksvitenskaplege forskingsråd 64,9 millionar kroner og Noregs teknisk-naturvitenskaplege forskingsråd 98,75 millionar kroner.

I 1984–85 har Statens lånekasse for utdanning delt ut lån og stipend for om lag 3,2 milliardar kroner. Kostnadsnorma for studiestønad til elevar og studentar er for undervisningsåret 1985–86 kr 3 590 pr. månad.

Systemet for utdanningsfinansiering er lagt om frå undervisningsåret 1985–86. Hovudformene for stønad etter det nye systemet er eit utdanningsstipend og lån. Utdanningsstipendet kjem i staden for dei viktigaste stipendformene i det gamle systemet. I tillegg er det

innført eit reisestipend for elevar og studentar som har lang og dyr reise til heimstaden.

Det er fordelt om lag 11,5 millionar kroner til bygging av studentbustader. Ein mindre del av løyvingane er nytta til å auke statstilskottsdelen for eldre studentbustader. For 1985 er det fordelt 25,3 millionar kroner i tilskott til velferdsarbeid for studentane. I alt 5,4 millionar kroner er brukte for å leggje til rette studiar i utlandet. Spesielt gjeld det for økonomisk-administrative og teknologiske studiar i USA og Storbritannia. Frå hausten 1985 er det lagt til rette for 400 nye studentar kvart år i desse landa.

I 1985 vil 442 kunstnarar komme inn under ordninga med garantiinntekt. Det blir gjeve stipend til 692 kunstnarar, og i tillegg har åtte livsvarig kunstnarlønn, to æresstipend og ein æreslønn. Til saman kjem 1 144 kunstnarar inn under ulike stønadsordningar.

Nasjonalgalleriet vart i 1984 vitja av om lag 104 000 personar. Riksgalleriet hadde 20 utstillingar på vandring i 1984. Utstillingane vart synte på 299 stader og vart sedde av om lag 108 500 personar. Førebuingane med det framtidige museet på Bankplassen i Oslo held fram.

I 1985 er det oppretta seks nye muskarstiltingar ved dei fire symfoniorkestra som får statsstønad. I alt er det 257 tilsette muskarar ved desse orkestra. Publikumsbesøket ved symfoniorkesterkonsertane var om lag 190 000 i 1984. Rikskonsertane hadde ved sine konsertar eit besøktal på rundt 970 000.

Dei teatra som har offentleg stønad, hadde i 1984 eit samla publikumsbesøk på om lag 1 073 000. Av dette hadde Riksteatret om lag 114 000 tilskodarar på dei eigenproduserte forestellingane sine. Nybygget til Det Norske Teatret står no ferdig og vart teke i bruk hausten 1985. Nationaltheatret har gått gjennom omfattande oppussings- og istandsettjingsarbeid, og vart teke i bruk hausten 1985. Publikumstalet ved kinoane var om lag 13 100 000. Av desse såg om lag 760 000 norske filmar.

Samla utlån frå folke-, fylkes- og skolebiblioteka var 24 070 000 band.

I 1985 får 289 musé statleg stønad gjennom tilskottsordninga for halvoffentlege musé. Desse, saman med dei fem store musea som står utanfor tilskottsordninga og ni statsmusé, får til saman om lag 101 millionar kroner frå staten. Universitetsmusea og ei rad etatsmusé kjem i tillegg. Musea vart vitja av i alt 3 900 000 personar i 1984.

Forsøka med uavhengige kringkastingsformer er ført vidare i ein ny toårsperiode frå 1. september 1984. Talet på konsesjonsområde

og konsesjonshavarar for nærradio og lokal-fjernsyn er monaleg utvida. Om lag 250 nær-radioar og 30 lokale fjernsynsselskap er no i drift i Noreg.

Den delen av overskottet i Norsk Tipping A/S som gjekk til idrettsformål i 1985, var 317,5 millionar kroner. Det er ein auke på 56,5 millionar kroner i høve til året før. Av summen til idrettsformål gjekk 183,9 millionar kroner til idrettsanlegg, 123,5 millionar kroner til Norges Idrettsforbund og 10,1 millionar kroner til andre idrettsformål.

Av summen til idrettslag gjekk 174,5 millionar kroner til idrettsanlegg i fylka. Det vart gjeve tilskott til i alt 882 anlegg, m.a. 49 idrettshallar, 14 symjehallar og 32 samfunns-hus.

I samband med statsbudsjettet la Regjeringa fram ein eigen handlingsplan for barn og ungdom. Føremålet med planen var å gje eit oversyn over prioriteringane til dei ulike departementa innanfor ungdomsfeltet.

I statsbudsjettet løyvde Stortinget 26,6 millionar kroner til statstilskott til fritidsklubbane. Det er no i alt 684 fritidsklubbar for barn og ungdom i 225 kommunar. Det er ein auke på 44 klubbar frå 1984 fordelt på 23 nye kommunar.

Kultur- og vitskapsdepartementet fordelte 30,1 millionar kroner til 64 barne- og ungdomsorganisasjonar i 1985.

Vidare vart løyvinga til samfunnshus over statsbudsjettet for 1985 på 16 millionar kroner fordelt på 80 hus.

**Presidenten** mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet, Deres Kongelige Høyhet!

Det 130. ordentlige Storting som Deres Majestet i dag har åpnet, er det første i en ny valgperiode. Mange av de representanter som møter i det nyvalgte Storting, har møtt tidligere. Deres innsikt og erfaring vil være av stor betydning for Stortingets arbeid. Det møter også mange nye representanter som kommer med friske krefter og vilje til innsats. Det er særlig grunn til å glede seg over den økte

andel av kvinnelige representanter, som gjør oss til et foregangsland på dette område.

Det nye Storting vil bli preget av den jevnbyrdighet som nå er mellom de politiske blokker. Men det vil likevel være mer som samler enn som skiller. For selv om meningene vil være delte, vil hver enkelt alltid ha landets beste for øye. Vi har alle som ledetråd og mål at Stortingets beslutninger og vårt virke må bli til gagn for vårt land og folk og også til beste for medmennesker i de deler av verden der ufred, undertrykkelse og nød råder grunnen.

Stortinget vil få seg forelagt mange viktige saker som vil stille krav til representantenes innsikt, arbeidsevne og gode dømmekraft. Endringene i befolkningens alderssammensetning krever oppmerksomhet og handlekraft. Det samme gjelder sysselsettingen, både for yngre og eldre, og utviklingen i vårt arbeids- og næringsliv. Det brede ønske om et stadig bedre helsestell vil også være et hovedspørsmål som vil bli satt i forgrunnen.

Ufred, nød og undertrykkelse hersker i mange land. Som representant for det grunnleggende element i vårt folkestyre vil Stortinget ha et særlig ansvar for å medvirke til fredsarbeid og bedre mellomfolkelige forhold.

I forvissningen om at representantene vil gjøre sitt aller ytterste for å bidra til å løse de mange oppgaver som ligger foran oss, samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønske.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

**Presidenten:** Før dette møte heves, foreslår presidenten at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte. – Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.35.